FJELLNETTVERKET



ÅRSRAPPORT 2025

FJELLNETTVERKET



INNHALD

03 Om Fjellnettverket


11 Regional- og nasjonalpolitiske sakar

18 Kunnskap om fjellområda

23 Deltakar i internasjonale samarbeid

25 Eigne prosjekt og tiltak

OM FJELL-NETTVERKET



VISJON

Levande og livskraftige fjellbygder

FORMÅL

Fjellnettverket er eit politisk nettverk, som skal vere pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdiar i fjellområda gir grunnlag for utvikling og trivsel i fjellområda i Noreg.

STRATEGIAR

Fjellnettverket skal vere ein aktiv deltakar og leverandør i regional- og nasjonalpolitiske diskusjonar

Fjellnettverket skal formidle kunnskap om fjellområda

Fjellnettverket skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid.

Fjellnettverket kan iverksette eigne prosjekt og tiltak



MEDLEMMAR

Fjellnettverket hadde desse medlemmane i 2025:

Fylkeskommunar:

- Buskerud fylkeskommune
- Innlandet fylkeskommune
- Trøndelag fylkeskommune
- Telemark fylkeskommune

Regionråd:

- IPR Nord-Østerdal
- Midt-Gudbrandsdal IPR
- IPR Nord-Gudbrandsdal
- Lillehammer-regionen IPR
- Regionrådet for Hallingdal
- Setesdal IPR
- Regionrådet i Valdres IPR
- Vest-Telemarkrådet

Kommunar:

- Krødsherad kommune
- Nore og Uvdal kommune
- Rollag kommune
- Røros kommune
- Tinn kommune
- Vinje kommune
- Sigdal kommune



RÅDET

Rådet er Fjellnettverkets øverste organ. Det er medlemmane som oppnemner representantar med personlege vararepresentantar til rådet. Funksjonstida er fire år. Oversikta viser rådet for perioden 2023 - 2027.

Fylkeskommunar
- Innlandet fylkeskommune: Hanne Velure (H) og Olav Røssum (Sp)
- Trøndelag fylkeskommune: Oscar Tørres Lindstad (Ap) og Kari Anita Furunes (Sp)
- Telemark fylkeskommune: Hilde Alice Vågslid (Ap) og Jan Egil Weiseth (SV)
- Buskerud fylkeskommune: Lavrans Kierulf (FrP) og Anne Kristine Norman (Sp)

Interkommunale politiske råd
- Lillehammer-regionen IPR: Anette Musdalslien (Sp) og Geir Tore Land (Ap)
- IPR Nord-Østerdal: Kristin Langtjernet (Ap) og Linda Døsen Stubsveen (Ap)
- Midt-Gudbrandsdal IPR: Anne Marie Olstad (Ap) og Arne Fossmo (Ap)
- IPR Nord-Gudbrandsdal: Kristian Frisvold (Bygdelista) og Mariann Skotte (Sp)
- Regionrådet i Hallingdal: Solveig Vestenfor (Ap) og Pål Rørby (Sp)
- Setesdal IPR: Inger Lise Lund Stulien (Ap) og Hans Blattmann (Ap)
- Regionrådet i Valdres IPR: Marit Hougsrud (Sp) og Bjarne Budal (Ap)
- Vest-Telemarkrådet: Solveig Sundbø Abrahamsen (H) og Tarjei Draugedal (KrF)

Kommunar:
- Krødsherad kommune
- Nore og Uvdal kommune
- Rollag kommune
- Røros kommune
- Tinn kommune
- Vinje kommune
- Sigdal kommune

STYRET

I styret er det ein representant frå kvar fylkeskommune og fire representantar frå kommunane/regionråda.

Styreleiar og nestleiar blir valde for ein periode på to år.

Styret i Fjellnettverket har hatt fire styremøte og handsama 39 saker.



Styreleiar:
Anne Kristine Norman (Sp)
Buskerud fylkeskommune



Nestleiar:
Christian Elgaaen (Sv)
Røros kommune



Hilde Alice Vågslid (Ap)
Telemark fylkeskommune



Guri Heggem (Sp)
Trøndelag fylkeskommune



Iselin Haugo Stavn (H)
Buskerud fylkeskommune



Hanne Alstrup Velure (H)
Innlandet fylkeskommune



Ole Tvete Muriteigen (Sp)
Midt- Gudbrandsdal interkommunale politiske råd



Hans Blattmann (Ap)
Setesdal interkommunale politiske råd




Lavrans Kierulf (Frp)
Buskerud fylkeskommune
1. varamedlem (møter fast i styremøta)

Varamedlemmar til styret

1. Lavrans Kjerulf (Buskerud fylkeskommune)
2. Jon Gunnes (Trøndelag fylkeskommune)
3. Jøran Ødegård Lunde (Regionrådet i Valdres - IPR)
4. Martin Været (Innlandet fylkeskommune).
5. Jan Egil Weiseth (Telemark fylkeskommune)
6. Inger Lise Lund Stulien (Setesdal IPR)

Medlemmar i Fjellnettverket

Fjellkommunene som er medlem av Fjellnettverket er markert med gult og lysebrunt i kartet.





Sekretariat

Sekretariatet i Fjellnettverket har kontor på Reiselivssenteret på Geilo. I 2025 har Fjellnettverket hatt to tilsette:

- Kari Randen, dagleg leiar
- Elin Halland Simensen, prosjektleiar for mat og reiseliv

Buskerud fylkeskommune har hatt det administrative ansvaret, og bidrog med tenester som rekneskapsføring, IKT og nettløysingar. Fjellnettverket høyrer administrativt til Buskerud fylkeskommune.

Administrativ gruppe

Alle medlemmane i Fjellnettverket har ein administrativ representant. Dei administrative kontaktane har ansvaret for å formidle aktuelle saker frå Fjellnettverket inn i sin organisasjon å kome med innspel til saker og arbeid i Fjellnettverket.

- Buskerud fylkeskommune: Hilde Beate Aarø
- Innlandet fylkeskommune: Torunn Kornstad
- Telemark fylkeskommune: Anne Skaug Nisi
- Trøndelag fylkeskommune: Turid Helene Vollmo
- IPR Nord-Østerdal: Silje Frogner Tangen
- Regionrådet for Hallingdal: Jan Olav Helling
- IPR Nord-Gudbrandsdal: Frode Damstuen
- Midt-Gudbrandsdal IPR: Irene Teige Killi
- Vest-Telemarkrådet: Anne Aasmundtveit
- Valdres Natur- og Kulturpark: Bente Lindahl
- Setesdal Regionråd: Rita Hansen
- Lillehammer-regionen IPR: Henning Holmbakken
- Krødsherad kommune: Ellen Anne Svartbrenna Bye
- Rollag kommune: ikkje oppnemnt
- Tinn kommune ikkje oppnemnt
- Vinje kommune: Thor Christiansen
- Nore og Uvdal kommune: Målfrid Toeneiet
- Sigdal kommune: Gunvor Synnøve Green
- Røros kommune: ikkje oppnemt

AKTIV DELTAKAR OG LEVERANDØR I REGIONAL- OG NASJONALPOLITISKE DISKUSJONAR

Fjellnettverket har engasjert seg i saker i regional og nasjonal politikk som er viktige for fjellområda og medlemmane. I løpet av året har Fjellnettverket arbeidd med ulike saker for å fremje fjellområda sine interesser.





INNSPEL TIL JORDBRUKSFORHANDLINGANE

Fjellnettverket la i sitt innspel til jordbruksforhandlingane 2025 vekt på at fjellandbruket er ein vesentleg del av norsk matproduksjon, beredskap og levande bygder. Ein stor del av husdyrhaldet innan mjølk, storfe og sau er knytt til fjellområda, der små og mellomstore bruk utnyttar utmarksbeite og naturgitte ressursar som elles i liten grad kan nyttast til matproduksjon. Samstundes gjer korte vekstsesongar, lange vintrar og høge kostnader drifta krevjande, og fleire tiår med effektivisering har ført til nedlegging av bruk og svekt livsgrunnlag i fjellbygdene.

Fjellnettverket meiner det er heilt naudsynt å styrkje inntektsgrunnlaget i landbruket, særleg for små og mellomstore bruk i fjellområda. Jordbruksoppgjeret må bidra til å tette inntektsgapet mellom landbruket og andre yrkesgrupper, gi full kostnadsdekning for auka driftsutgifter og sikre naudsynte investeringar knytt til klima, miljø og dyrevelferd. Det er behov for ei særskild styrking av fjellandbruket gjennom auka tilskot til utmarksbeite og bratt areal, satsing på grasbasert produksjon og målretta investeringsverkemiddel som også kjem dei mindre bruka til gode.

Ei styrking av fjellandbruket er ei investering i berekraft, mattryggleik og framtidig verdiskaping. Auka inntekter vil leggje til rette for høgare sjølvforsyning, betre matberedskap og ei meir klimavennleg og ressursbasert matproduksjon. Samstundes er god lønnsemd avgjerande for rekruttering til næringa, vidare forsking og utvikling, lokalmatproduksjon og positive ringverknader for andre næringar i fjellbygdene. Fjellnettverket meiner det er heilt avgjerande at inntektsnivået i landbruket kjem på nivå med andre grupper for å sikre eit livskraftig landbruk over heile landet – og særleg i fjellområda.

Lenke til innspel til jordbruksforhandingane - Fjellnettverket



TOTALBEREDSKAPSMELDINGA «FORBREDT PÅ KRISER OG KRIG»

Fjellnettverket deltok i høyring i Justiskomiteen på Stortinget knytt til regjeringa si Totalberedskapsmelding Forberedt på kriser og krig. I høyringa løfta Fjellnettverket fram fjellområda si rolle i den nasjonale beredskapen og peika på at busette og livskraftige fjellbygder er ein føresetnad for god totalberedskap.

Fjellnettverket støtta meldinga sitt overordna mål om å sikre busetting, grunnberedskap og levande lokalsamfunn i heile landet, og understreka behovet for ein meir offensiv distriktspolitikk for å møte demografiske utfordringar i fjellkommunane. Auka tilflytting vart framheva som avgjerande for å kunne opprethalde tenestetilbod, næringsliv, landbruk og nødvendig kompetanse i krise- og beredskapssituasjonar.

I høyringa peika Fjellnettverket særleg på fjellandbruket som ein sentral beredskapsressurs, både når det gjeld matsikkerheit og lokal kompetanse og utstyr ved kriser. Vidare vart fritidsbustader løfta fram som ein potensiell ressurs i totalberedskapen, samstundes som dette føreset tilstrekkeleg kapasitet, planlegging og personell i fjellkommunane.

Lenke til innspel om Totalberedskap på nettsida til Fjellnettverket



VERN AV MYR

Fjellnettverket har sendt høyringssvar til Miljødirektoratet om regjeringa sitt forslag om å innføre forbod mot nedbygging av myr i plan- og bygningslova. I høyringssvaret støtta Fjellnettverket intensjonen om å ta vare på myr og dei viktige økosystemtenestene myr leverer, mellom anna knytt til karbonlagring, naturmangfald og klimatilpassing.

Samtidig uttrykte Fjellnettverket motstand mot eit generelt og absolutt forbod slik forslaget er utforma. Nettverket peika på både prinsipielle og praktiske utfordringar, mellom anna manglande presis definisjon av myr, svakt kartgrunnlag og konsekvensar for lokal arealforvaltning. Fjellnettverket understreka betydninga av det kommunale planskjønnet og behovet for at lokale vurderingar og samfunnsnytte må kunne leggjast til grunn.

Vidare tok Fjellnettverket til orde for at eit eventuelt forbod ikkje må ha tilbakeverkande kraft, og at aktuelle tiltak for lokal utvikling, beredskap og samfunnstryggleik må kunne få unntak. Gjennom høyringssvaret løfta Fjellnettverket fram distriktsomsyn og fjellkommunane sitt særlege ansvar for store areal og naturressursar, og bidrog til ein meir nyansert diskusjon om korleis myr skal forvaltast innanfor ramma av berekraftig samfunnsutvikling.

Lenke til innspel til forslag om plan og bygningsloven om forbod mot nedbygging av myr



STATLEG KOMPENSASJON FOR VERNEOMRÅDER

På bakgrunn av innspel frå medlemmene drøfta styret forslag frå fleire fjellstyrer i Trøndelag og Innlandet om å etablere ei statleg kompensasjonsordning for kommunar som er vertskap for store verneområde. Vern av myr og andre naturområde gir store nasjonale klima- og naturgevinstar, men medfører samtidig lokale avgrensingar for bruk av areal, næringsutvikling og busetjing.

Fleire nasjonalpark- og verneområdestyrer i Midt-Noreg har peika på behovet for økonomiske insentiv som kan kompensere for desse konsekvensane, samt for etablering av statlege kompetansearbeidsplassar i tilknytning til verneområda. Målet er å styrke lokalsamfunna som tek det største ansvaret for nasjonale verneforpliktingar.

Styret i Fjellnettverket stiller seg bak initiativet og vil arbeide for at det blir gjennomført ei grundig utgreiing av forslaget. I den vidare prosessen meiner styret at det bør leggjast særleg vekt på:

- behovet for å sikre lokal forståing og aksept for vern
- å sjå ulike typar vern i samanheng
- å vurdere om revisjon av vernevedtak kvart 20.–30. år kan vere aktuelt



STATSBUDSJETTET 2026

Fjellnettverket tok opp tre saker i Stortinget si behandling av statsbudsjett for 2026: kutt i viktig distriktstiltak, kompetanse og arbeidskraft i distrikta og styrka beredskap for naudstraum og mobilnett.

Kompetanse og arbeidskraft i distrikt

Regjeringa vil styrke tilskot til studiesenter i distrikta, men samtidig avvikle ordninga som mobiliserer unge og arbeidsledige til utdanning og kompetanseheving. Fjellnettverket åtvara mot kutt som kan forsterke utanforskap og svekke verdiskaping i distrikta. I forslag til statsbudsjettet for 2026, kapittel 553 Regional- og distriktsutvikling, post 60, ligg det to ordningar: Tilskot til utdanning gjennom studiesenter og Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving.

Fjellnettverket var positiv til at tilskotet til studiesenter i distrikta blir styrka, men åtvara mot å avvikle ordninga for mobilisering til utdanning og kompetanseheving. Ordninga har vore forvalta av fylkeskommunane og midlane har i hovudsak har gått til tiltak retta mot personar som står utanfor arbeidslivet, til dømes integreringstiltak og gi unge vaksne kompetanse som kvalifiserer dei for arbeid. Utanforskap blant unge er ei alvorleg samfunnsutfordring.
Det er behov for målretta tiltak som mobiliserer unge til kompetanseutvikling og deltaking i arbeidslivet.

Fjellnettverket ba Stortinget om å reversere kutta i tiltaket Utdanning og kompetanse i distrikt. Tiltaket er investering i framtidig verdiskaping.

Lenke til innspel om kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Kutt i viktig distriktstiltak for innovasjon (FORREGION)

I forslag til Statsbudsjett 2026 var FORREGION foreslått avvikla. Fjellnettverket meinte at ei avvikling av FORREGION vil få negative konsekvensar for små og mellomstore verksemder over hele landet. Ordninga er særlig viktig for små og mellomstore bedrifter i distrikta, som gjennom ordninga får tilgang til forskingskompetanse. Dei demografiske utfordringane i fjellområda krev målretta og langsiktig innsats for å sikre kompetanse, arbeidskraft og lokal verdiskaping.

Fjellnettverket ba Stortinget om å sikre vidareføring av FORREGION som eit effektivt verkemiddel for innovasjon og verdiskaping i heile landet. I budsjettforhandlingane vart kuttet reversert.

Lenke til innspel om kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Styrka beredskap for naudstraum og mobilnett

Mange fjellkommunar manglar nødstraum og reserveforbindelsar til mobilnettet. Det kan få alvorlege konsekvensar ved ekstremvêr og straumbrot. Fjellnettverket ba om å auke budsjettet til Nkoms program for forsterka ekom, slik at fleire kommunar får tryggare mobildekning og betre beredskap.

I forslag til statsbudsjett 2026 er det lagt inn ei auke for å sikre tryggare mobildekning. Fjellnettverket meiner investeringane i mobilkommunikasjon bør styrkast meir. Programmet omfattar tiltak som nødstraum til basestasjonar, reserveforbindelsar og krisepunkt i kommunane. Ifølgje oversikt frå Nkom er det per i dag 102 kommunar som har fått utbygging gjennom programmet, men mange kommunar står framleis utan slik infrastruktur.


Felles for fjellkommunane er krevjande geografi, sårbar infrastruktur og lange avstandar til kritiske tenester. Ekstremver, straumbrot og manglande mobildekning kan få alvorlege konsekvensar for innbyggjarar og tilreisande. Dei siste åra har fleire stader i fjellområda opplevd ekstremvêr og katastrofar. Fjellkommunane har eit stort innslag av fritidsbustader og høg turistaktivitet, noko som aukar behovet for stabil mobildekning og beredskap.

Fjellnettverket foreslo ei auking for å auke utbyggingstakta og sikre naudstraum i fleire fjellkommunar.

Lenke til innspel om styrka beredskap for naudstrøm og mobilnett

FJELLNETTVERKET SKAL FORMIDLE KUNNSKAP OM FJELLOMRÅDA

Kunnskap om utfordringar og mogelegheiter i fjellbygdene er grunnlaget for god politikk. I tett samarbeid med fagmiljø og andre organisasjonar skal Fjellnettverket bidra til kunnskap om utviklinga i fjellbygdene.





FJELLINDEKSEN

I samarbeid med Fjell-Forsk-Nett vart det i 2017 starta eit utviklingsarbeid for å lage ein felles indeks for fjellkommunane. Målet er at fjellindeksen skal gje eit grunnlag for vidare kunnskapsutvikling om fjellområda, og gje kunnskap som kan vere grunnlag for ny politikk.

I 2025 vart indeksen oppdatert fleire gonger med nye tal. Indeksen brukar tilgjengelege data og stiller desse saman for fjellkommunane samla og enkeltvis. Fjellindeksen viser mellom anna næringsutvikling, sysselsetting og befolkningsutvikling i fjellområda for kvar enkelt fjellkommune og for fjellområda samla. Fjellindeksen blir brukt både av medlemmane og i arbeidet til Fjellnettverket.

Det er Telemarksforsking som har utvikla indeksen, og han er tilgjengeleg for medlemmene på www.regionalanalyse.no/fjell



KONFERANSAR OG FAGDAGAR

Rådsmøte i Fjellnettverket

Møtet vart gjennomført 23. mai 2025. I tillegg til å handsame årsrapport, handlingsplan, rekneskap og budsjett, vart det vald nytt styre i Fjellnettverket. Rådsmøtet vedtok ei uttale om beredskap og behovet for ein offensiv distriktspolitikk.

Fjellkonferansen 2025

I august 2025 samla Fjellkonferansen 155 deltakarar frå politikk, forvaltning, akademia og næringsliv i Hemsedal. Konferansen vart arrangert av Fjellnettverket i samarbeid med Buskerud fylkeskommune, Hemsedal kommune og Hallingdal regionråd, og er ein viktig møteplass for kunnskapsdeling, dialog og nettverksbygging i og for fjellområda.

Fjellkonferansen 2025 hadde beredskap og tryggleik i fjellområda som hovudtema. Programmet tok utgangspunkt i aktuelle utfordringar og moglegheiter knytt til fjellområda si rolle i nasjonal beredskap, samfunnstryggleik og regional utvikling.

Konferansen vart opna av fylkesordførar i Buskerud, Tore Opdal Hansen, styreleiar i Fjellnettverket, Tine Norman, og ordførar i Hemsedal, Pål Rørby. Jan Olav Helling var fyritalsmann.

Det faglege programmet første dag belyste beredskap frå fleire perspektiv, mellom anna:

- sivil–militært samarbeid for styrkt beredskap, presentert av Forsvarets høgskole
- sjølvforsyning, samarbeid og matberedskap, med innlegg frå Statsforvaltaren og NIBIO
- beredskap i eit digitalt samfunn og betydninga av effektiv kommunikasjon i kriser, ved Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) og private fagmiljø



Eit sentralt spørsmål i diskusjonane var korleis fjellkommunar og hytteområde kan handtere stor tilstrøyming av folk i krisesituasjonar, og kva rolle fjellområda kan spele som beredskapsressurs nasjonalt og regionalt.

Konferansen inkluderte òg bedriftsbesøk og omvisingar i Hemsedal, der deltakarane fekk møte lokalt næringsliv og lære om samanhengen mellom næringsutvikling, stadutvikling og beredskap.

Andre dag hadde fokus på framtidsutsikter og attraktivitet i fjellkommunane. Programmet omfatta mellom anna:

- kunnskap om befolkningsutvikling, arbeidsplassar og næringsliv i fjellområda
- gründer- og næringslivserfaringar frå fjellbygder
- regionale og lokale verkemiddel for å styrke bu- og blilyst
- lansering og presentasjon av ny forsking om kvifor folk flyttar til fjellbygdene, og kva ein kan lære av desse erfaringane

Avslutningsvis vart vidare samarbeid og felles innsats for fjellområda diskutert, med vekt på kunnskapsbaserte tiltak og sterkare samhandling mellom kommunar, regionar, statlege aktørar og næringsliv.

Evalueringa av Fjellkonferansen 2025 viser svært høg tilfredsheit blant deltakarane, både når det gjeld fagleg kvalitet, relevans og gjennomføring.



MØTE MED MEDLEMMAR OG ANDRE:

Gjennom året har Fjellnettverket hatt omfattande og målretta dialog med medlemskommunar og sentrale aktørar på regionalt og nasjonalt nivå. Møteverksemda har vore ein sentral del av arbeidet med å formidle kunnskap om fjellområda, hente innspel til politiske prosessar og styrkje samhandlinga mellom kommunar, regionråd, fylkeskommunar og statlege aktørar.

I tråd med handlingsplanen har Fjellnettverket prioritert møteplassar der nettverket kan bidra med fagkompetanse og påverke utviklinga i fjellområda. Deltaking på møte, konferansar og arbeidsverkstader har gitt høve til å løfte fram utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter knytte til mellom anna beredskap, tilflytting, landbruk, besøksforvaltning og regional utvikling.

Dialogmøte med medlemskommunar og regionråd har vore særleg viktige for å få oppdaterte innspel om lokale behov og prioriteringar. I tillegg har Fjellnettverket hatt dialog med departement og direktoratsmiljø, mellom anna Distriktssenteret og Kommunal- og distriktsdepartementet, for å synleggjere fjellområda sine interesser i nasjonale utviklingsprosessar.

Som del av dette arbeidet har Fjellnettverket vore på besøk i Trøndelag, der nettverket hadde møte med Trøndelag Sør IPR, og gjennomført møte med fleire kommunar med mål om å invitere dei som medlemmar i nettverket. Desse besøka har styrkt dialogen med kommunar i fjellområda og bidrege til å synleggjere verdien av medlemskap i Fjellnettverket.

Deltaking på møte, konferansar og arbeidsverkstader har elles gitt høve til å løfte fram tema som beredskap, tilflytting, landbruk, besøksforvaltning og regional utvikling. Samla har dialogen med medlemskommunar, regionråd og statlege aktørar styrkt Fjellnettverket si rolle som ein relevant og synleg aktør i nasjonale og regionale utviklingsprosessar.

FJELLNETTVERKET SKAL VERE EIN AKTIV DELTAKAR I INTERNASJONALT SAMARBEID

Fjellnettverket samarbeider med Euromontana. Målet med samarbeidet er å påverke politikk som i stadig aukande grad blir utvikla på dei internasjonale arenaene.



EUROMONTANA

Gjennom samarbeid med den europeiske organisasjonen Euromontana har Fjellnettverket eit breitt nettverk ut mot Europa. Fjellnettverket koordinerer fellessaker i Noreg, og har kontakt med styremedlemmane i Euromontana og dei administrative følgjerepresentantane. Dei norske styremedlemmane i Euromontana har observatørstatus i styremøta i Fjellnettverket. Dette for å sikre god kontinuitet og samanheng i arbeidet mellom Fjellnettverket og Euromontana.

Fjellnettverket har i 2025 vore representert på konferansen *30 Years of Action for European Mountains conference* og generalforsamling. På generalforsamlinga presenterte styreleiar Tine Norman arbeidet til Fjellnettverket med tilflytting og inviterte til vidare samarbeid.
Det er Hanne Alstrup Velure, Innlandet fylkeskommune, Anne Kristine Norman, Buskerud fylkeskommune og Kjell Overvåg, Universitetet i Innlandet, som representerer dei norske medlemmane i Euromontana.



Dei norske representantane på konferansen til Euromona, Frå venstre Johanne Meyer (Buskerud fylkeskommune), Tine Norman (Fjellnettverket/Buskerud fylkeskommune), Noralf Distad (Vestland fylkeskommune, Kari Randen (Fjellnettverket), Barbara Harterink (Vestland fylkeskommune) og Torunn Kornstad (Innlandet fylkeskommune).

FJELLNETTVERKET KAN IVERKSETTE EIGNE PROSJEKT OG TILTAK

Fjellnettverket har engasjert seg i saker i regional og nasjonal politikk som er viktige for fjellområda og medlemmane. I løpet av året har Fjellnettverket arbeidd med ulike saker for å fremje fjellområda sine interesser.





ARBEID FOR TILFLYTTING

Auka tilflytting er eit prioritert innsatsområde i handlingsplanen for 2025–2027, der målet er å styrke busettinga i fjellområda og utvikle meir treffsikre tiltak for kommunar og regionar. Initiativet er forankra i dei demografiske utfordringane mange fjellkommunar står i, med fallande folketal og eit aukande behov for arbeidskraft i åra framover.

Som ein første del av dette arbeidet har Fjellnettverket, i samarbeid med prosjektet Bu- og blilyst i Hallingdal (Hallingdal regionråd), gjennomført ei kvalitativ undersøking av flyttemotiv. Undersøkinga er utført av Universitetet i Innlandet / Østlandsforskning, og byggjer på semistrukturerte intervju med tilflyttarar frå sentrale strøk som har etablert seg i fjellkommunar. Rapporten Å velge fjellet gir ny innsikt i kva som påverkar flytteavgjerder, og løftar fram faktorar som livsfase, natur- og nærmiljø, bustadtilgang og praktiske rammevilkår.

Funn og erfaringar frå rapporten er formidla i fleire relevante faglege og politiske samanhengar gjennom året. Dette omfattar møteplassar og arenaer der kommunar, statlege aktørar og fagmiljø som arbeider med distriktsutvikling og tilflytting er samla, mellom anna regionale konferansar og dialogar på departementalt nivå. Formidlinga har hatt som mål å bidra til eit breiare kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet.

I tråd med handlingsplanen blir det no arbeidd vidare med å utvikle kunnskapsgrunnlaget i samarbeid med andre europeiske fjellområde gjennom Euromontana og aktuelle EU-program. Målet er å sjå norske erfaringar i samanheng med utviklingstrekk i andre fjellregionar, og dermed styrke grunnlaget for framtidige tiltak og politikkutforming knytt til tilflytting.

Lenke til rapport om tilflytting til fjellområda

BONDENS BORD









Bondens bord

Styret i Fjellnettverket vedtok i 2025 å vidareføre satsinga på Bondens bord. Ordninga var tidlegare eitt av delprosjekta under "Mat og opplevingar i fjellet", som vart avslutta i 2024. For å sikre kontinuitet og vidareutvikling av arbeidet, beslutta styret å setje i gang eit nytt prosjekt med mål om å styrkje konseptet, rekruttere fleire deltakarar og sjå på løysingar for etablering av ei varig struktur rundt ordninga.

Prosjektet er lagt opp som eit toårig samarbeid, finansiert av Fjellnettverket i fellesskap med fylkeskommunane i Innlandet, Buskerud, Telemark og Agder, samt Innovasjon Noreg.

Rekruttering

Gjennom året har det vore kontakt med faglaga i landbruket, jordbrukskontora i kommunane og Nasjonalt senter for Fjellandbruk for å rekruttere fleire deltakarar.

BONDENS BORD









Rekrutteringsarbeidet våren og sommaren 2025 hadde særleg fokus på deltakarar frå Agder. Dette resulterte i fleire nye deltakarar, og prosjektet har no deltaking frå alle dei fire fylka.

I tillegg til å rekruttere nye deltakarar er det jobba med dei som allereie er i gong, gjennom telefonkontakt og faste nettverksmøte.

Synleggjering og informasjonsarbeid
I arbeidet med synleggjering er det utvikla ei informasjonsside knytt til domenet www.bondensbord.no. Nettsida skal gje ei samla framstilling av konseptet og synleggjere deltakarane. Det har òg vore behov for å finne løysingar for gjestekontakt, bestillingar og betaling, og prosjektet har kartlagt ulike leverandørar, men det er ikkje inngått bindane avtalar. Deltakarane nyttar inntil vidare eigne system.

BONDENS BORD







Merkevarebeskytta serveringsordning
Arbeidet med merkevarebeskytting vart starta i 2024, og Fjellnettverket fekk våren 2025 godkjent registrering av både ordmerket og bildemerket Bondens bord. Merkevareregistreringa gir einerett til namnet og legg til rette for vidare utvikling, kvalitetssikring og vern mot fri bruk av namnet.

Vegen vidare
I den vidare prosjektperioden vil arbeidet vere retta mot å utvikle konseptet og styrkje merkevara, rekruttere fleire bønder til å vere med og avklare etablering av eit varig bedriftsnettverk.

Målet er at ordninga skal bidra til auka verdiskaping i landbruket i fjellområda, og samstundes leggje til rette for meir berekraftige opplevingar i reiselivet.



Kontaktinformasjon

Besøksadresse: Vesleslåttvegen 13,
3580 Geilo

Postadresse: Buskerud fylkeskommune,
Postboks 3563, 3007 Drammen

Nettside: www.fjellnettverket.no

Fotokreditering

s. 1, 2, 4, 5, 11, 12, 13, 14, 20, 21, 22 ,26, 28, 29, 30, 31, 32: Emile Holba/ @emileholbaphoto.
s. 3, 25: Kari Randen
s. 15: Elin Halland Simensen

FJELLNETTVERKET

